



# Klimaovergangsplan

Vedtatt i styret 6. desember 2024  
Versjon 1.0



1.0 Introduksjon og bakgrunn .....	3
1.1 Vår rolle i omstillinga .....	4
1.2 Strategisk retning og overordna berekraftsambisjonar .....	5
1.3 Regulatoriske forpliktelsar .....	8
1.4 Avgrensingar, forutsetningar og avhengigheit .....	9
1.5 Vitenskapsbaserte mål .....	10
2.0 Klimamål og tiltak .....	11
2.1 Mål og tiltak .....	12
2.2 Generelle tiltak for klimagassreduksjon .....	13
2.3 Mål og tiltak for Scope 1 og 2 .....	14
2.4 Scope 3, utlånsporfølje .....	15
2.4.1 Landbruk .....	16
2.4.2 Sjøtransport.....	19
2.4.3 Havbruk .....	20
2.4.4 Fiskeri .....	21
2.4.5 Bygg og anlegg .....	22
2.4.6 Næringseigedom .....	23
2.4.7 Bustadeigedom .....	25
2.4.8 Øvrige bransjar .....	27
2.4.9 Øvrige kategoriar i Scope 3 .....	28
3.0 Metodikk og analyse for klimagassreduksjon .....	29
3.1 Metodikk for klimaregnskap og datainnsamling .....	30
3.2 Klimarisikoanalyse (inkludert fysisk risiko og overgangsrisiko).....	25
3.3 Scenarioanalyse .....	33
4.0 Styring og leiing .....	35
5.0 Framdriftsrapportering og revisjon av klimaovergangsplanen .....	36

1.0

# Introduksjon og bakgrunn

## 1.1

# Rolla vår i omstillinga

Forord ved administrerende direktør Trond Teigene



**Klimaendringane er i aukande grad stadig meir merkbare og utgjør ei aukande påkjenning på verda. Det er ein av vår tid sine største utfordringar. Klimakrisa kan ikkje løysast av land, organisasjonar og selskap åleine. Vi må finne løysingar i fellesskap globalt.**

Den enkelte aktør må finne ut korleis dei skal bidra, og kva for ei rolle dei skal ta. Som ein regional sparebank i Sogn og Fjordane har vi ei viktig rolle i omstillinga. Næringsstrukturen i regionen er prega av utsleppsintensive bransjar, og det kan få konsekvensar. I regionen vår er vi tett på både folk og næringsliv, og vi ser korleis klimautfordringane påverkar lokalsamfunna. SpareBank 1 Sogn og Fjordane ynskjer å vere ein støttespelar for kundane våre gjennom krevjande tider og bidra til å skape løysingar som både reduserer utsleppa og styrkjer næringslivet i regionen.

Vi går framover med ein tydeleg kurs sett gjennom internasjonale avtalar som Parisavtalen og FN's berekraftsmål, som gir eit felles rammeverk for klimaarbeidet. Dette krev at vi tilpassar banken sin strategi og forretningsmodell til både kortsiktige og langsiktige mål for å redusere klimagassutslepp og møte samfunnet sine forventningar.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har sett seg mål om netto-null utslepp i 2050 og 55 prosent utsleppsreduksjon i samsvar med Norge sitt klimamål. Denne klimaovergangsplanen er eit viktig verktøy for å konkretisere korleis banken skal nå desse måla. Omstillinga kjem til å krevje endring på fleire nivå, der både banken og kundane våre må gjere val som sikrar at vi samsvarar med ei berekraftig samfunnsutvikling. Gjennom klimaovergangsplanen skal vi definere rammer som både støttar og legg til rette for at desse endringane kan skje på ein måte som er føreseieleg og ansvarleg.

Klimaovergangsplanen vår rettar eit fokus på sektorane som står for høge utslepp og størst energiforbruk; næringsseigedom, bustadeigedom, landbruk, fiskeri, havbruk, sjøtransport og bygg og anlegg. Samtidig er vi opptekne av å ha orden i eige hus. Sjølv om banken si eiga drift ikkje er blant dei største kjeldene til utslepp, skal vi gå i front og redusere våre eigne utslepp og støtte opp under dei same forventningane vi har til kundane våre.

Omstillinga vi står overfor, krev at vi går frå generelle visjonar til konkrete tiltak. Klimaovergangsplanen tvingar oss til å vere presise om kva vi skal oppnå og opne om korleis vi skal kome dit. Dette skiftet frå ord til handling utfordrar oss til å gjere klare val og prioritere ressursane våre på ein målretta måte. Gjennom å konkretisere klimamåla våre vil vi ikkje berre møte eksterne krav, men også posisjonere banken og kundane våre for framtida. Samtidig gir denne konkretiseringa oss ein tydeleg veg for vidare utvikling, slik at vi kan gå i takt med både kundane våre og endringar i samfunnet.

Dette er første versjon av klimaovergangsplanen vår, og vi ser på den som eit levande dokument som vi vil oppdatere kontinuerleg. Etter kvart som vi får ny kunnskap og eksterne faktorar endrar seg, vil vi tilpasse planen for å møte både nye utfordringar og moglegheiter. Det er stor usikkerheit knytt til klimaforhold og reguleringar, noko som gjer kontinuerleg justering naudsynt. Dette første steget legg grunnlaget for omstillingsprosessen.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal vere ein støttespelar for både kundar og lokalsamfunn – vi skal vere der når det trengs, i små og store steg i den grønne omstillinga. Vi veit at det krev innsats og tilpassing frå oss alle, men dette er noko vi må gjere saman. Samarbeid og fellesskap er vår styrke, og det er slik vi vil navigere oss gjennom omstillinga som ligg framfor oss.

## 1.2

# Strategisk retning og overordna berekraftsambisjonar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som sitt overordna mål å bidra til eit berekraftig nullutsleppssamfunn innan 2050. Vi er ein bank som har røtene våre djupt forankra i Sogn og Fjordane, og samfunnsoppdraget vårt går ut på å sikre økonomisk aktivitet og levedyktigheit i regionen, samstundes som vi jobbar for å redusere både våre egne og kundane våre sine utslepp.

I tråd med berekraftsstrategien vår har vi sett mål om å støtte Norge sitt nasjonale utsleppsmål om ein reduksjon på minst 55 prosent innan 2030, og vi er opptekne av at strategien vår skal spegle verdiane våre som ein lokal sparebank som står saman med kundane våre i denne omstillinga.

**Vegen mot netto null krev** at vi kjenner både dei positive og negative fotavtrykka banken set i samfunnet. Det betyr at vi må forstå korleis verksemda vår påverkar miljøet og korleis endringane i det globale klimaet vil påverke både banken og lokalsamfunnet. Dette ligg til grunn for klimaovergangsplanen

vår, som er verktøyet vårt for å redusere klimabelastninga frå dei mest utsleppsintensive sektorane i porteføljen vår.

Gjennom denne planen ønsker vi å bidra til grøn konkurransekraft i regionen vår, slik at vi kan oppfylle forpliktingane våre og vere ein stabil aktør som tilbyr framtidretta produkt og tenester for kundar, investorar og samarbeidspartnarar.

**Berekraft er ein integrert del av banken sin hovudstrategi.** Vi skal vere ein tydeleg pådrivar for berekraftig omstilling i Sogn og Fjordane, og vi har forplikta oss til å jobbe systematisk med å kanalisere kapital mot berekraftige prosjekt som støttar overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

For å nå desse måla har vi vedteke konkrete kvalitative og kvantitative mål som vert følgt opp internt kvartalsvis og rapportert i årsrapporten vår<sup>1</sup>.

# SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine hovudambisjonar på berekraftsområdet

**Integrering av berekraft i alle delar av bankdrifta,** slik at berekraftsmål og klimarisiko vert ein del av den daglege verksemda. Dette inneber også ein systematisk tilnærming til ESG i kredittvurderingar og kundesamtalar.

**Støtte til kundane våre i deira omstilling** ved å tilby skreddarsydde, grønare finansieringsløyser. Grøne bustadlån, klimalån og grønne bedriftslån er blant tiltaka vi tilbyr for å hjelpe kundane med å redusere klimaavtrykket sitt.

**Utvikling av bankens berekraftskompetanse,** slik at alle rådgjevarar har nødvendig kunnskap til å gi gode råd. Vi skal vere ein ressurs for næringslivet i regionen, og heve kompetansen om berekraft blant kundane våre.

Visjonen vår om ei berekraftig framtid krev samarbeid på tvers av bransjar og sektorar, og SpareBank 1 Sogn og Fjordane ønsker å stå i front når det gjeld å fremje berekraftige tiltak og investeringar.

Gjennom klimaovergangsplanen og vår langsiktige strategi skal vi halde fram med å utvikle oss i takt med nye reguleringar og forventningar, slik at vi kan møte framtida som ein ansvarleg bank for Sogn og Fjordane.

For at vi og resten av næringslivet skal lykkast i omstillinga, er vi avhengige av forutsigbare og effektive reguleringar som støttar overgangen til ei grøn økonomi.

Då strategien vår blir påverka av fleire eksterne faktorar utanfor vår direkte kontroll, er det nødvendig for oss å kontinuerleg evaluere og tilpasse både strategien og forretningsmodellen vår for å sikre at vi oppfyller rolla vår i arbeidet mot eit nullutsleppssamfunn.

## 1.3

# Regulatoriske forpliktelsar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er forplikta til å overhalde dei regulatoriske krava i CSRD, som er implementert i norsk rett gjennom rekneskapslova og relaterte forskrifter, med særleg vekt på ESRS E1-1 som handlar om klimaovergangsplanar<sup>2</sup>.

Dette inneber at banken må dokumentere og tydeleggjere korleis strategien vår, forretningsmodell og tiltak er utforma for å støtte overgangen til eit nullutsleppssamfunn. ESRS E1-1 krev at bankar og finansinstitusjonar presenterer konkrete planar og milepælar som er i tråd med dei globale klimamåla fastsette i Parisavtalen, inkludert målet om å avgrense den globale oppvarminga til maksimalt 1,5 grader celsius.

Vidare må banken rapportere om framgangen mot måla og beskrive korleis klimarisikoar og -moglegheiter vert handterte for å sikre både drift og finansiell stabilitet.

Gjennom kontinuerleg overvaking og rapportering viser SpareBank 1 Sogn og Fjordane at vårt arbeid mot netto nullutslepp er både ambisiøst og transparent, og at vi tar ansvar for at alle tiltak vert gjennomførte med nødvendig forankring og openheit. Taksonomiforordninga legg føringar for banken sitt syn på kva som kvalifiserer som berekraftige aktivitetar, og banken rapporterer også i tråd med desse standardane.

<sup>2</sup> <https://www.revisorforeningen.no/fag/barekraft/nye-lovregler-om-barekraftsrapportering/>

ESRS: European Sustainability Reporting Standards

CSRD: Corporate Sustainability Reporting Directive

Lov om endringar i rekneskapslova mv. (berekraftsrapportering) <https://lovdata.no/lov/2024-06-21-42>



## 1.4

# Avgrensingar, forutsetningar og avhengigheit

Trass i at vi har sett ambisiøse klimamål, møter vi ei rekke avhengigheiter og dilemma som påverkar overgangsplanen vår. Vegen til måla krev samarbeid med både offentlege og private aktørar; dette er ikkje noko vi kan oppnå aleine. Ein av dei største utfordringane vi står ovanfor, er at vi ikkje har operasjonell kontroll over alle aktivitetane til låntakarane våre, og vi kan difor ikkje direkte styre korleis utlån vert brukte til klimavennlege tiltak.

Nøyaktig rapportering og vurdering av framdrift krev også tilgang til data av høg kvalitet frå kundane våre. Dette er ein essensiell del av arbeidet, men krev både innsats og eit tettare samarbeid frå kundane

for å sikre at informasjonen held høg nok standard. Vidare vil klimapolitiske tiltak og rammeverk fastsette av myndigheitene ha stor innverknad på våre føresetnader for å oppnå måla våre.

For at vi og resten av næringslivet skal lykkast i omstillinga, er vi avhengige av forutsigbare og effektive reguleringar som støttar overgangen til ei grøn økonomi. Då strategien vår påverkast av fleire eksterne faktorar utanfor vår direkte kontroll, er det nødvendig for oss å kontinuerleg evaluere og tilpasse både strategien og forretningsmodellen vår for å sikre at vi oppfyller vår rolle i arbeidet mot eit nullutsleppssamfunn.

## 1.5

# Vitenskapsbaserte mål

I tråd med vår ambisjon om å bidra til den grønne omstillinga, har vi sett vitenskapsbaserte mål for å redusere klimagassavtrykket vårt.

Måla er sett i samsvar med metodikken til Science Based Targets Initiative (SBTi) og skal sikre avgrensa global oppvarming i tråd med måla i Parisavtalen.

SBTi er den leiande standarden og stiller krav til ambisjonsnivå både på kort sikt (2030) og lang sikt (2050). Dette vil gi innsikt i korleis vi skal nå måla gjennom spesifikke tiltak.

Den vil også vise at vi framleis har mykje å arbeide med, og at dette no er ei prioritering i alle ledd av banken.

## 2.0

# Klimamål og tiltak

## 2.1

# Mål og tiltak

I tillegg til dei overordna klimamåla har banken spesifisert måla innanfor Scope 1, 2 og 3<sup>3</sup>. Desse måla, saman med tiltaka for å oppnå dei og andre drivkrefter for utsleppsreduksjon, skal sikre at banken oppnår klimanøytralitet i drift, investeringar og utlånsportefølje innan 2050.

### **Samanheng mellom banken sine klimamål i Scope 3 og målet om å avgrense global oppvarming til 1,5 °C**

Vitskapsbaserte målsettingar for Scope 3 bygger på ein ambisjon om å avgrense global oppvarming til under 2 °C i sine kortsiktige mål.

Dette inneber eit mindre ambisiøst reduksjonsnivå enn for Scope 1 og 2, hovudsakleg grunna usikkerheit knytt til datakvalitet og utfordringane med å samle konsistente utsleppsdata gjennom heile verdikjeda.

Dette er ikkje meint som ei kvilepute, men gir oss ein moglegheit til å vere ambisiøse trass avgrensa datakvalitet, samstundes som vi gradvis forbettrar datakvaliteten. Dette legg eit godt grunnlag for endå meir presise utsleppsberäkningar når vi går over i neste fase for dei langsiktige måla.

<sup>3</sup> GHG-protokollen sin Corporate Standard klassifiserer ein verksemd sine klimagassutslepp i tre «scope». Scope 1-utslepp er direkte utslepp frå eigde eller kontrollerte kjelder. Scope 2-utslepp er indirekte utslepp frå produksjonen av innkjøpt energi. Scope 3-utslepp er alle indirekte utslepp (ikkje inkludert i Scope 2) som skjer i verdikjeda til den rapporterende verksemda, inkludert både oppstraums- og nedstraumsutslepp. Kjelde: ghgprotocol.org

## 2.2

# Generelle tiltak for klimagassreduksjon

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som mål å oppnå netto nullutslepp innan 2050 gjennom ei rekkje tiltak innan eigen drift, investeringar og utlånsportefølje. Desse tiltaka er enklare å konkretisere og gjennomføre i banken sin eigen drift, der vi har full operasjonell kontroll. Her kan vi setje i verk målretta tiltak som effektivisering av energibruk, overgang til fornybar energi, og etablering av ein nullutslepps bilpark.

Når det gjeld Scope 3-utslepp i verdikjeda, står vi overfor større utfordringar og usikkerheit. Produkt- og tenesteutvikling er allereie i gang for å redusere desse utsleppa, men vi har framleis avgrensa innsikt i både

etterspurnad og effekten av desse nye produkta. Difor blir tilgang på pålitelege data heilt avgjerande i åra som kjem for å kunne måle og styre utsleppsreduksjonane effektivt.

Vidare er vi avhengige av marknadsutvikling, teknologiske framsteg og regulatoriske endringar som kan bidra til ytterlegare utsleppskutt. Vi ser på desse faktorane som viktige bidragsytarar til å nå våre langsiktige klimamål. Gjennom kontinuerleg overvaking og tilpassing vil SpareBank 1 Sogn og Fjordane arbeide for å sikre at vi er på rett veg mot netto nullutslepp innan 2050.

## 2.3

# Mål og tiltak for Scope 1 og 2

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har operasjonell kontroll over utslepp i scope 1 og 2. Mål er sett i tråd med Parisavtalen sitt mål om å hindre global oppvarming over 1,5 grader celsius. Disse måla er òg i samsvar med Norge sitt nasjonale mål om 55 prosent utsleppskutt innan 2030 (samanlikna med utsleppa i 1990), og klimanøytralitet i 2050. Scope 1 og 2 skal kvar for seg og samla oppnå desse måla og banken har følgjande mål for dei neste åra<sup>4</sup>:


I Scope 1 er banken sine utslepp frå bilparken, som i dag består av 6 kjøretøy. Alle kjøretøy som anskaffast når desse skal skiftast ut skal vere nullutsleppskjøretøy.

Det er utarbeida ein oversikt som viser at alle kjøretøy skal vere skifta ut i 2027.

Utsleppa i Scope 2 kjem frå forbruk av elektrisitet i banken sine eigde og leigde bygg. Banken har straumavtale med opprinnelsesgarant<sup>5</sup>. Bankbygget og hovudkontoret i Førde er under renovering og skal sertifiserast til BREEAM In-Use<sup>6</sup>, energimerke B og vil bli vesentleg energieffektivisert.

Bankbygget i Stryn skal på sikt renoverast, og då vil energieffektivisering vere sentralt.

År	Scope 1	Scope 2
2030	Netto null utslepp	Redusere utsleppa med 55 prosent
2040	-	Redusere utsleppa med 90 prosent
2050	-	Netto null utslepp



<sup>4</sup> ESRS E1, 4/16a

<sup>5</sup> Opprinnelsesgarantier og varedeklarasjon for strømleverandørar

<sup>6</sup> www.byggalliansen.no


## 2.4

# Scope 3, utlånsportefølje

Klimagassutslepp frå utlånsportefølja er eitt av banken sine mest vesentlege tema fordi dei utgjør ein betydeleg del av våre totale utslepp. Kring 99 prosent av utsleppa i banken sitt klimarekneskap kjem frå denne kategorien.

Det er heilt avgjerande for SpareBank 1 Sogn og Fjordane å fokusere på å redusere utsleppa frå utlånsportefølja, då det er det som vil ha størst påverknad på vårt totale klimafotavtrykk. Ved å setje ambisiøse mål og gjennomføre effektive tiltak for å redusere utsleppa frå portefølja, kan banken bidra til å nå både nasjonale og internasjonale klimamål, og spele ei leiande rolle i vårt marknadsområde i kampen mot klimaendringane.

År	Mål for utslepp frå utlånsportefølja
2030	2,5 prosent årlege kutt fram til 2030
2050	Netto nullutslepp i 2050



Bransjane landbruk, havbruk, fiskeri, bygg og anlegg, sjøtransport og eigedom (bustad og næringseigedom) står for kring 89 prosent av utsleppa i banken si utlånsportefølje. Derfor er det først og fremst desse bransjane vi har konsentrert oss om i klimaovergangsplanen. I arbeidet med produkt- og tenesteutvikling, samt tiltak retta mot kundane, vil vi derfor prioritere innsats mot kundar innanfor desse bransjane. Overordna mål for utsleppsreduksjon i utlånsportefølja er vist under:

Nokre tiltak er viktige for alle bransjar. Banken sine BM-rådgivarar har ein årleg samtale om ESG med kundar over ei satt engasjementsgrense, der vi vurderer deira ESG-risiko. Gjennom kompetanseheving skal vi sikre at banken, saman med produktutvikling i alliansefellesskapet, drar nytte av felles ressursar og kunnskap.

I tillegg er arbeidet med å samle inn pålitelege data frå kundane i startfasen, men dette vil vere avgjerande for vidareutvikling av tiltak i åra som kjem. Kunnskap, datakvalitet, produkt og tenester som bidreg til omstilling vil derfor vere gjennomgåande i arbeidet på tvers av bransjane.

## 2.4.1

# Landbruk

Landbruket i Sogn og Fjordane har lange tradisjonar og bidreg vesentleg til verdiskaping og sysselsetting i regionen. Med eit fokus på å produsere sunn, norsk og kortreist mat, tek næringa stort samfunnsansvar. Landbruket er i hovudsak familieeigd og går i arv, noko som fremjar ein forvaltarmentalitet der målet er å overlate bruket i betre stand enn då ein tok over. Dette legg til rette for langsiktigheit i ei omstillingsdyktig næring som allereie nyttar lite antibiotika og kjemikaliar, har god dyre- og plantehelse, og er ein del av ein open verdikjede.

Landbruk og skogbruk er dei mest utsleppsintensive bransjane banken har. Samtidig er dei blant dei som allereie merkar klimaendringane. Varme temperaturar kan gi lengre vekstsesongar, men våtare og meir ekstremt vår kan også øydeleggje avlingar eller redusere kvaliteten. Når vi set mål og utviklar tiltak, tek vi utgangspunkt i Landbrukets klimaplan<sup>7</sup>. Dette inneber at banken baserer seg på sektoren sine egne utsleppsmål.


## Dette er Landbrukets klimaplan

Landbrukets klimaplan viser korleis landbruket skal redusere klimagassutslepp og auke karbonopptaket i perioden 2021–2030. Planen byggjer på klimaavtalen frå 2019 mellom Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og regjeringa, som forpliktar næringa til å kutte utslepp med 4–6 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar innan 2030, tilsvarande ein årleg reduksjon på 8–13 prosent.

Planen legg vekt på berekraftig matproduksjon utan å redusere bruken av matjord, talet på beitedyr eller busetnad i distrikta. Dei viktigaste tiltaka inkluderer klimakalkulator, fossilfrie maskiner, betre gjødselbruk, karbonlagring i jord og ny klimateknologi. Planen blir revidert årleg for å sikre at jordbruket oppfyller sine klimaforpliktingar.

<sup>7</sup> [www.bondelaget.no/bondelaget-mener/miljo-og-klima/dette-er-landbrukets-klimaplan](http://www.bondelaget.no/bondelaget-mener/miljo-og-klima/dette-er-landbrukets-klimaplan)





I tråd med Norge sine nasjonale forpliktingar under Parisavtalen, som inkluderer ein reduksjon i klimagassutslepp på 55 prosent innan 2030, har landbruket fått eit bransjemål om å redusere utsleppa med 20 prosent. Dette målet blir rekna som ambisiøst, men oppnåeleg utan store reduksjonar i produksjonen. For å nå målet er det definert ni satsingsområde i Landbrukets Klimaplan, inkludert kutt i metanutslepp, effektivisering og auka karbonlagring. Tiltaka er basert på analysar og modellering frå forskingsinstitusjonar som NIBIO og CICERO. Sektoren har samarbeidd tett med myndighetene for å sikre at måla er realistiske og kan gjennomførast med eksisterande teknologi og praksis.

Banken har som mål å forsterke dei måla landbruket allereie har sett seg. Tiltaka er delt inn i fire hovudområde:

**1 Data:** Eit stort tal av banken sine landbrukskundar har teke i bruk Landbrukets klimakalkulator<sup>8</sup>. Målet er at så mange norske bønder som mogleg tek i bruk kalkulatoren. Når dataen blei meir pålitelege, vil det vere aktuelt for banken å nytte denne som kunnskapsgrunnlag i rådgjeving til kundane om korleis dei kan auke ressurseffektivitet og redusere utsleppa. Dette vil på sikt bidra til å måle effekt av tiltak på gardsnivå meir presist.

**2 Krav om bruk av klimakalkulator:** Banken stiller krav om gjennomført klimakalkulator for alle nye kundar med engasjement over 3 mill. Kr., og krav om gjennomført klimakalkulator for alle eksisterande kundar med over 5 mill. kr. i engasjement.

**3 ESG-modell:** Dersom ESG-modell nyttast for å vurdere kunden sin ESG-risiko ved inngåing av nytt engasjement eller årleg fornying av ESG-vurdering, og denne gjev konklusjon raud score (høg risiko) må sakshandsamar skriftleg grunngje kvifor det likevel vert gjeve positiv innstilling. Grunngjevinga skal innehalde oversikt over kompenserande risikoreduserande tiltak.

**4 Produkt og teneste:** Det er fleire aktivitetar som, dersom dei er lønsame, kvalifiserer kunden for produkt og tenester som bidreg til omstilling og som gir gunstigare vilkår. Banken tilbyr i dag grønt landbrukslån<sup>9</sup> til kundar som ønsker å omstille garden for framtida. Dette er tiltak som kvalifiserer for grønt landbrukslån:

- Energieffektive tiltak, t.d. solceller, solfangar og vindmølle til gardsbruk
- Anlegg for oppvarming basert på ikkje-fossile kjelder, t.d. jordvarme, biofyringsanlegg, flisfyring og varmepumpe
- Maskiner eller reiskap på straum eller biogass
- Tak til gjødselkum, utstyr/maskiner for separering av gjødsel og utstyr for spreiding og nedfelling av husdyrgjødsel som reduserer utslepp
- Utstyr for presisjonslandbruk, t.d. sensortechnologi, GPS i eksisterande traktor eller droneteknologi
- Tiltak som gjev støtte frå Enova eller Innovasjon Norge
- Andre tiltak, t.d. biogassanlegg, skogsmaskiner og uttak av tømmer

Investeringa må vere dokumentert utført i tråd med avtalt og signert klimaplan som er utarbeida saman med godkjent rådgjevar.

Arbeidet med produkt og teneste vil utvikle seg framover. Dette er eit pågåande arbeid, og fleire tiltak eller aktivitetar kan kvalifisere på seinare tidspunkt. I arbeidet med produktutvikling er det jobba med t.d. definerte KPIar og eksklusjonskriteriar m.m.

## Avhengigheiter og dilemma

Det er mange aktivitetar banken ikkje har direkte påverknad på, men som vil vere viktige for utsleppa frå våre kundar. Forsking og utvikling av metanhemmarar i fôr kan bidra til store utsleppsreduksjonar. Det same gjeld eventuell etablering av biogassanlegg i regionen. Banken sine rådgjevarar på landbruk skal vere oppdaterte på utviklingstrekk i bransjen, slik at kundane kan dra nytte av nye moglegheiter og teknologiutvikling. I tillegg er mangel på tilstrekkeleg påliteleg data ei utfordring, då det per i dag er utfordrande å måle effekten av tiltaka. Banken vel likevel å finansiere tiltak som gir ein openberr klimagevinst, sjølv om det kan ta tid før vi kan måle effekten av desse.

<sup>8</sup> [www.klimasmartlandbruk.no/klimakalkulatoren/](http://www.klimasmartlandbruk.no/klimakalkulatoren/)

<sup>9</sup> [www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/bedrift/lan-finansiering/gronne-landbrukslan.html](http://www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/bedrift/lan-finansiering/gronne-landbrukslan.html)

## 2.4.2 Sjøtransport

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sin portefølje innan sjøtransport er i hovudsak knytt til innanlands kystruter og kysttrafikk med passasjerar og gods. Måla våre samsvarer med IMO-måla<sup>10</sup>. Banken har tre hovudtiltak som skal bidra til å redusere utslepp frå sjøtransport:

**1 Data:** Banken vil etterspørje detaljert klimainformasjon om fartøy vi har vore med på å finansiere. Dette vil bidra til å måle effekten av tiltak på fartøy- og kundenivå meir presist og sikre betre oversikt over status.

**2 Vurdering i alle saker:** I alle saker skal miljøkrav knytt til fartøy/ruter vurderast. Det skal gjerast vurderingar rundt verditap på konvensjonelle fartøy sett opp mot eksisterande og framtidige miljøkrav. Det skal vurderast om det bør utarbeidast ein plan for sal og utskifting av konvensjonelle fartøy med omsyn til utløp av kontraktar og storleik på lån.


**3 Produkt og teneste:** Banken tilbyr i dag grønt bedriftslån til kundar innan sjøtransport som gjennomfører tiltak eller investeringar i tråd med støtteprogram i Enova<sup>11</sup>:

- Batteri i nullutsleppsskip
- Banebrytande maritim teknologi
- Ammoniakk i fartøy
- Hydrogen i fartøy
- Forprosjekt innan maritim teknologi
- Landstrømsystem i eksisterande fartøy
- Installasjon av lågspent eller høgspent landstrømsystem

Desse tiltaka er ikkje endelege, og vi vil fortsetje å utvikle produkt og tenester i takt med kunden sine behov. Banken ønsker å vere ein støttespelar for kundane våre gjennom heile omstillingsprosessen.

### Avhengigheiter og dilemma

Teknologiutvikling innan fartøy og låg- og nullutsleppsløysingar er avgjerande for å nå måla om meir klimavenleg sjøtransport. Dette er eit område banken har avgrensa påverknad på. Bransjeorganisasjonar, som Norges Rederiforbund, har etterspurt sterkare støtte frå verkemiddelapparatet for å akselerere utviklinga<sup>12</sup>. Med lang levetid vil fartøy som blir produserte i dag vere i drift også etter 2050, noko som skapar ein reell risiko for innlåsing av utslepp, sjølv etter tidspunktet for å oppnå netto nullutslepp.



<sup>10</sup> [www.sustainable-ships.org/rules-regulations/imo](http://www.sustainable-ships.org/rules-regulations/imo)


<sup>11</sup> [www.enova.no/bedrift/stotte-til-energi-og-klimatiltak-i-virksomheter/](http://www.enova.no/bedrift/stotte-til-energi-og-klimatiltak-i-virksomheter/)

<sup>12</sup> [www.rederi.no/nyheter/budsjetthoring-2024-differansekontrakter-blir-helt-sentralt-for-a-lykkes-med-klimamalene/](http://www.rederi.no/nyheter/budsjetthoring-2024-differansekontrakter-blir-helt-sentralt-for-a-lykkes-med-klimamalene/)

## 2.4.3

# Havbruk

Havbruksnæringa er ei sentral næring i Sogn og Fjordane, med fleire kundar som driv oppdrett av t.d. laks og aure. Oppdrett har potensial til å redusere utslepp både nasjonalt og internasjonalt, då det samanlikna med andre proteinproduksjonsformar har lågare utslepp. Samtidig opplev bransjen dagleg konsekvensane av klimaendringar. Auka havtemperaturar fører til større utfordringar med lakselus, og Sogn og Fjordane ligg innanfor eit produksjonsområde som i 2024 fekk raudt lys<sup>13</sup>, som inneber at oppdrettarar i marknadsområdet vårt må redusere produksjonskapasitet og trugar vekstambisjonane i bransjen.



Klimaavtrykket frå næringa kjem i hovudsak frå tre faktorar: fôr, transport og bruk av havbruksfartøy. Fôr står for det største klimaavtrykket, særleg på grunn av bruk av fiskeolje, fiskemjøl og importert soya frå Sør-Amerika. Det er tre hovudtiltak banken har for å redusere utslepp frå havbruk:

**1 Data:** Banken vil jobbe for å få meir detaljert informasjon om havbrukskundane sine klimarekneskap. Dette vil gi betre moglegheiter for rådgjeving og oppfølging av kundane. Havbruksbransjen har fleire selskap med tilgang til gode data, og banken ønsker å dra nytte av denne informasjonen.

**2 Produkt og teneste:** Det er fleire aktivitetar og investeringar som kan kvalifisere for gunstigare finansiering. Banken tilbyr grønt bedriftslån til havbrukskundar som gjennomfører tiltak eller investeringar i tråd med støtteprogram i Enova eller Innovasjon Norge.

**3 Rådgjeving:** SpareBank 1 Sogn og Fjordane forventar at havbrukskundar vurderer miljø og berekraft i alle kredittsaker. Fokus på berekraftig fôr, null- eller lågutsleppsløysingar og relevante miljøsertifiseringar er sentrale område. Banken støttar gjennom rådgjeving og dialog som fremjar klimavenlege val i næringa.

### 4 Avhengigheiter og dilemma


Utvikling av låg- og nullutsleppsfartøy og berekraftig fôr er avgjerande for å redusere klimaavtrykket i havbruksnæringa. Desse områda ligg utanfor banken si direkte kontroll og er avhengige av framsteg innan teknologiutvikling, forskning, næringa sjølv og politiske rammevilkår. Banken spelar på lag med kundane med finansiering og rådgjeving, men skal vi saman lukkast framover krev dette støtte frå styresmakter, til dømes gjennom Enova, og tett samarbeid i heile verdikjeda.

## 2.4.4 Fiskeri

Fiskerinæringa er ein berebjelke i Sogn og Fjordane, med ei lang historie og økonomisk betydning for regionen. Frå sjarkar til havgåande fartøy, er fiskeflåten eigd av lokale aktørar og representerer eit breitt spekter av aktivitetar.

Næringa er syklisk, med prisar og fiskekvotar i stadig endring, noko som krev tilpassing og innovasjon. Klimaendringar påverkar fiskerinæringa direkte.

Auka havtemperaturar, endringar i havstraumar og forsuring av havet kan fører til at fiskebestandar flyttar seg eller endrar åtferd, noko som påverkar kystfisket.



For å møte desse utfordringane og bidra til utsleppskutt, har SpareBank 1 Sogn og Fjordane sett i verk fleire tiltak:

**1 Data:** Banken etterspør detaljert klimainformasjon (spesielt bunkersforbruk) frå fiskerikundane for å betre forstå og måle effektane av ulike tiltak. Dette legg grunnlaget for presis rådgjeving og oppfølging.

**2 Produkt og teneste:** Banken tilbyr grønt bedriftslån for investeringar i låg- og nullutsleppsteknologi, som energieffektive fartøy og utstyr. Vi jobbar aktivt med å vidareutvikle og forbetre produkt- og tenestespekteret for å betre støtte fiskerikundane i omstillinga deira.

**3 Rådgjeving:** ESG-modellen er ei rettesnor i rådgjevar sin dialog med fiskerikundane. Tema som berekraftig drift, inkludert MSC-sertifisert fangst, er sentrale i desse samtalanane. Banken legg stor vekt på at rådgjevarane har tett kontakt med kundane og innehar kunnskap om utsleppsreducerande tiltak. Dette sikrar at banken kan spele ei aktiv rolle i kundane si berekraftige omstilling, og at vi saman kan finne løysingar som kombinerer lønsemd med klimaansvar.

### Avhengigheiter og dilemma


Fiskerinæringa er påverka av faktorar utanfor banken sin direkte kontroll, som teknologiutvikling innan fiskefartøy, politiske rammevilkår og biologiske forhold. Utvikling av låg- og nullutsleppsteknologi for fiskeflåten, som hybrid- og elektriske framdriftssystem, er avgjerande for å redusere utsleppa, men krev store investeringar og offentleg støtte.

Endringar i fiskekvotar, påverka av bestandsstatus, klimaendringar og internasjonale avtalar, kan ytterlegare påverke lønsemda og omstillingsevna til kundane våre. For at SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal nå måla sine om netto nullutslepp innan 2050, er vi avhengige av eit tett samarbeid mellom næringa, styresmaktene og forskingsmiljøa for å utvikle og implementere berekraftige løysingar som møter desse utfordringane.

## 2.4.5

# Bygg og anlegg

Bygg og anleggsverksemd i Sogn og Fjordane er prega av mange små, mellomstore og store bedrifter. Bransjen står for store utslepp, både frå maskiner og materialbruk. Globalt står byggenæringa for 40 prosent av totalt CO<sub>2</sub>-utslepp, 40 prosent av energiforbruk og 40 prosent av avfallet. Høgt innslag av fornybar energi gjer at næringa i Norge står for 15 prosent av klimagassutsleppa. Årleg verdiskaping vurderast til om lag 350 mrd. kr., kor 60 prosent er knytt til offentlege kundar<sup>14</sup>. Den nye endringsforskrifta frå Regjeringa, som set minimum 30 prosent vektning på klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar frå 1. januar 2024, representerer eit signifikant skifte<sup>15</sup>. Derfor står no fleire kundar ovanfor store utfordringar til å levere på krav for å halde seg konkurransedyktig.



For å redusere utsleppa til bransjen har banken følgande tiltak:

**1 Data:** Banken treng meir detaljert informasjon om kundane sine klimagassutslepp for å kunne måle effekt av tiltak og status i utlånsportefølja. Dette er avgjerande for å gi treffande rådgjeving.

**2 Produkt og teneste:** Banken tilbyr grønt bedriftslån til kundar i bygg- og anleggsbransjen som ønsker å omstille seg. Dette gjeld investeringar og aktivitetar som er dekkja av støtteordningar frå Enova og Innovasjon Norge:

- Utsleppsfrie anleggsmaskiner
- Mobile ladestasjonar for elektriske anleggsmaskiner
- Ny klimateknologi i bygg- og anleggssektoren
- Prosjektering for ombruk

**4 Rådgjeving, krav og forventningar:** Rådgjeving er eit viktig tiltak. Rådgjevarane våre har oppdatert kunnskap og kompetanse om krava og forventningane som kundane møter frå offentlege og private aktørar, som fossilfrie byggeplassar innan 2025 og utsleppsfrie innan 2030. Vi gir tydelege forventningar til kundane, inkludert fokus på elektrifisering av byggeplassar, god avfallshandtering og rutinar for kjeldesortering av fyllmassar. Banken legg vekt på å spele på lag med kundane, slik at dei er i stand til å møte bransjekrava og samtidig halde seg konkurransedyktige i marknaden. Gjennom målretta rådgjeving og tett dialog ønsker vi å støtte kundane våre i omstillingsarbeidet.

### Avhengigheiter og dilemma

Bygg- og anleggsbransjen er påverka av føringar frå myndigheiter, offentlege anbudsreglar og teknologiutvikling som banken ikkje har kontroll over. Krav om fossilfrie byggeplassar innan 2025 og utsleppsfrie innan 2030, kombinert med høge investeringskostnader og teknologiusikkerheit, skapar utfordringar for kundane våre.

For at SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal nå klimamåla sine, er vi avhengige av at bransjen tilpassar seg desse føringane, og at offentlege aktørar og teknologiutvikling bidreg til å gjere omstillinga mogleg. Banken vil fortsetje å støtte kundane med finansiering og rådgjeving for å møte desse utfordringane.

<sup>14</sup> Bærekraftig kjøp av bygg og anlegg | Anskaffelser.no


<sup>15</sup> Veileder til regler om klima- og miljøomsyn i offentlige anskaffelser - 1. Innledning | Anskaffelser.no

## 2.4.6

# Nærings- eigedom

### Mål og banken si tilnærming

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har sett mål for å redusere klimagassutslepp frå næringsseigedom i tråd med CRREM-målbanar, som støttar Parisavtalen<sup>16</sup>. For kontorbygg i Norge krev målbanen ein reduksjon i utslepp på 44 prosent frå 2020-nivå innan 2030. Målet omfattar energiforbruk i bygg (Scope 1 og 2), men kan utvidast til å inkludere indirekte utslepp (Scope 3) etter kvart som datagrunnlaget blir betre.



Fokuset ligg på å redusere energiforbruket og utsleppa frå eksisterande bygningsmasse, heller enn å stimulere til riving og nybygg.

Å oppgradere og foredle dagens eigedomar er ein meir berekraftig og økonomisk ansvarleg tilnærming.

Måloppnåinga vurderast basert på utsleppsreduksjon for eigedomane i porteføljen over tid, uavhengig av endringar i samansetninga av porteføljen. SpareBank 1 Sogn og Fjordane vil arbeide aktivt med kundane for å redusere energibruken og bidra til ei berekraftig utvikling av næringsseigedom.

Næringsseigedom utgjør 37 prosent av utlånsportefølja i bedriftsmarknaden til SpareBank 1 Sogn og Fjordane, og er dermed den største enkeltbransjen banken finansierar. Sjølv om utsleppa frå energibruk i bygg i Norge er relativt låge grunna bruk av fornybar energi, er det viktig i eit klimaperspektiv å redusere energiforbruket. Dette kan frigjere kraft til dekarbonisering av andre sektorar.

Samtidig ser vi ein aukande klimarisiko i portefølja vår som følge av meir ekstermvêr, ras, flaum og styrtregn. Dette skapar utfordringar både for verdiutviklinga av næringsbygg og for tryggleiken til eigedomane. EU sitt bygningsenergidirektiv, som blei vedteke i år, medfører usikkerheit knytt til korleis norske myndigheiter vil implementere direktivet<sup>17</sup>. Dette, saman med strengare krav frå offentlege leigetakarar, energimerking og andre reguleringar, utgjør ein overgangsrisiko for kundar i denne bransjen.

<sup>16</sup> <https://www.crrem.eu/about-crrem/>

<sup>17</sup> [www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/EU-EOS-informasjon/EU-EOS-nytt/2024/eueos-nytt--21-mars-2024/revidert-bygningsenergidirektiv-vedtatt-av-europaparlamentet/](http://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/EU-EOS-informasjon/EU-EOS-nytt/2024/eueos-nytt--21-mars-2024/revidert-bygningsenergidirektiv-vedtatt-av-europaparlamentet/)

For å møte desse utfordringane og sikre omstilling i portefølja, vil SpareBank 1 Sogn og Fjordane arbeide målretta med fleire tiltak for nå både våre eigne klimamål og hjelpe kundane i omstillinga si:

**1 Data og krav om energiattest:** SpareBank 1 Sogn og Fjordane ser det som eit viktig mål å auke andelen energimerka eigedomar i portefølja. Dette gir banken eit betre grunnlag for å måle status for energibruk og klimagassutslepp og for å kunne evaluere effekten av tiltak i framtida. Energimerking gir også kundane verdifull innsikt i eigedomane sine energi- og miljøprestasjonar, noko som kan styrke både verdien og konkurranseevna til eigedomane. For å nå dette målet krev banken at kundar innan næringseigedom har gyldig energiattest i tråd med krav i energimerkeforskrifta. Dette vil bidra til å sikre at portefølja vår oppfyller dagens standardar og er godt rusta til å møte framtidige reguleringar og marknadskrav.

**2 ESG-modell:** Alle engasjement over 3 mill. kr. skal vurderast i ESG-modellen ved lånesak eller som gjenstand for årleg fornying. Modellen vurderer eigedom utleige og eigedom utbygging spesielt innanfor fysisk klimarisiko og overgangsrisiko med fokus på kor utsett eigedomen er for fysisk klimarisiko og overgangsrisiko – om kva for energimerking eigedomen har, om kunde har finansielle moglegheiter til å energieffektivisere og fokuset på dette hos eigarar av eigedom.

**3 Rådgjeving:** SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal sikre at rådgjevarane har nødvendig kompetanse for å hjelpe kundane med energimerking, energirådgjeving og tilpassing til gjeldande og kommande krav. Dette inkluderer rettleiing om dagens regelverk, korleis dei kan gå fram for å energimerke og støtte til gjennomføring av energitiltak som styrkar både miljøprestasjonar og verdiutvikling.

**4 Produkt og teneste:** Banken tilbyr i dag grønt bedriftslån med gunstigare betingelsar for aktivitetar eller investeringar på områder som er dekkja av Enova eller Innovasjon Norge sine støtteprogram. Dette kan vere:

- Energikartlegging i yrkesbygg
- Forbetring av energitilstand i yrkesbygg
- Forbetring av energitilstand i bustadselskap
- Varmesentralar

#### **Avhengigheter og dilemma**

Måla SpareBank 1 Sogn og Fjordane har sett for seg innan næringseigedom er ambisiøse og avhengige av ei rekkje ytre faktorar. Regulatoriske krav frå myndigheiter, som EU sitt bygningenergidirektiv, kostnader på energi og tilgjengelege incentiv- og støtteordningar vil påverke i kor stor grad desse måla kan realiserast. Banken vil bidra aktivt med finansiering og rådgjeving for å støtte kundane i omstillinga av eigedomane sine i tråd med nasjonale og internasjonale klimamål.

Vi erkjenner likevel at denne omstillinga må skje på ein lønnsam og berekraftig måte for kundane våre. Det er også avgjerande at SpareBank 1 Sogn og Fjordane har produkt og tenester som møter eigedomskundane sine behov framover. Per i dag tilbyr vi grønt bedriftslån, men vi ser at vidare produktutvikling er nødvendig for å støtte kundane best mogleg i deira klimaarbeid og omstilling.



## 2.4.7


# Bustad-eigedom

Målet er å redusere klimagassutsleppa frå bustadene til kundane våre, målt i kilo CO<sub>2</sub> ekvivalentar per kvadratmeter. Dette er i tråd med CRREM-målbunar, som viser korleis karbonutsleppa frå bustader i Norge må reduserast for å oppfylle Parisavtalen.

Gjennom energieffektivisering, overgang til fornybare energikjelder og andre tiltak kan karbonfotavtrykket frå bustadeigedomar reduserast fram mot 2050. For å vere i tråd med CRREM-målbanan må utsleppa reduserast med 48 prosent frå 2023-nivå innan 2030. Dette krev omfattande energieffektivisering og renovasjonar for våre kundar sine bustadar.

Samtidig er krava frå EU sitt bygningsenergidirektiv, som legg opp til ein reduksjon i energibruk på 16 prosent innan 2030 og 20–22 prosent innan 2035, eit viktig rammeverk som styrer utviklinga. SpareBank 1 Sogn og Fjordane vil støtte kundane våre i arbeidet med å oppnå desse måla gjennom målretta tiltak og finansieringsløyser.

Under ser vi utsleppsbanen for bustadeigedom fram mot 2050, og bustadeigedom i utlånsportefølja sin utsleppsintensitet:



Finansiering av bustader er eitt av dei viktigaste samfunnsansvara til SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Bustadeigedom utgjer om lag 75 prosent av utlånsportefølja vår og er dermed ein sentral del av banken si verksemd. Sjølv om desse låna berre står for kring 1 prosent av banken sine totale utslepp, grunna den høge delen fornybar energi i den norske straummiksen, er det likevel viktig å jobbe med energieffektivisering for å frigjere kraft til dekarbonisering av andre sektorar.

Klimarisiko er eit sentralt tema, spesielt fysisk klimarisiko som t.d. område med risiko for ras, flaum, havnivåstiging og kvikkleireskred. Dette kan påvirke både verdien og tryggleiken til bustadane. Overgangsrisiko, som krav om energimerking og EU sitt bygningsenergidirektiv, vil også få sterkare påverknad framover og krev tilpassing både frå kundane og banken.

Gjennom samarbeid med kundane våre vil SpareBank 1 Sogn og Fjordane jobbe for å sikre ei berekraftig utvikling av bustadportefølja, samtidig som vi støttar kundane i å møte dei kommande krava.

### Banken har 3 hovudtiltak for å redusere utsleppa i bustadeigedom:

**1 Data:** Banken legg vekt på å auke andelen energimerka bustader i portefølja. Energimerking gjev banken betre grunnlag for å måle status og effekt av energitiltak, samtidig som det gjev kundane betre innsikt i bustaden si energieffektivitet og moglegheit for forbetringar.

**2 Produkt og tenester:** Banken tilbyr grønt bustadlån, grønt byggelån og miljølån for å støtte kundar som ønskjer å gjere bustaden sin meir energieffektiv. Vi finansierer tiltak som:

- Finansiering av bustad med energimerke A eller B
- Oppgradering av eksisterande bustadar for å oppnå betre energimerking
- Energieffektive oppgraderingar som solcellepanel, varmepumper og etterisolering

Desse produkta gir kundane betre lånevilkår og bidreg til å redusere energibruk og klimabelastning i bustadane.

**3 Rådgjeving:** Banken legg vekt på kompetanse hos kunderådgjevarane våre. Alle rådgjevarar skal på sikt kunne rettleie kundane om tema som energimerking, støtteordningar, nye reguleringar og korleis ein kan forvalte og vidareutvikle bustaden på ein meir klimavenleg måte. Rådgjevarane skal kunne gje råd om korleis endra forbruksmønster kan redusere straumforbruket og senke kostnadane for kundane.

### **Avhengigheiter og dilemma**

For at SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal bidra til å nå måla for energieffektivisering av bustader, er vi avhengige av ei rekke eksterne faktorar vi som bank har avgrensa påverknad på:

- Offentlege støtteordningar som legg til rette for økonomisk hjelp til bustadeigarar som ønskjer å oppgradere bustaden sin.
- Framtidig energimiks og utsleppsintensiteten til straumen som vert levert til norske hushald.
- Regulatoriske krav, som implementering av EU sitt bygningsenergidirektiv, som vil påverke krav til bustader i Norge.

- Straumpris og økonomisk bereevne, der høgare straumprisar kan motivere til energiltak, men også leggje økonomisk press på kundane.
- Tilgang på ressursar, inkludert kvalifisert arbeidskraft og materiale for å gjennomføre nødvendige energieffektiviseringstiltak.
- Data og teknologi, der tilgang til korrekt informasjon om energimerking og utvikling av nye, innovative løysingar er avgjerande for å redusere utsleppa frå bustader.

Vi erkjenner at mange av desse utfordringane kan vere krevjande for kundane våre. Banken har derfor ein tilnærming som handlar om å spele på lag med kundane, heller enn å stille absolutte krav som kan ekskludere. Gjennom målretta rådgjeving og finansieringsløysingar ønsker vi å hjelpe kundane med å forstå, tilpasse seg og møte dei nye krava, samtidig som vi bidreg til å sikre ei berekraftig utvikling i bustadmarknaden.

## 2.4.8

# Øvrige bransjar


Dei øvrige bransjane og sektorane banken har i portefølja, står for låge utslepp samanlikna med dei største sektorane og vil ikkje få høg prioritet i denne første klimaovergangsplanen. Likevel vil SpareBank 1 Sogn og Fjordane utvikle produkt og tenester som er relevante for fleire bedriftskundar i åra som kjem.

Krav i offentlege anbod, nye lover og regelverk, samt aukande krav frå leverandørkjedar, kan drive fram utsleppskutt og energieffektivisering i ulike verdikjeder. Banken vil støtte kundane sine med finansiering og

År	Mål for utslepp i utlånsportefølja
2030	2,5 prosent årlege kutt fram til 2030
2050	Netto nullutslepp i 2050

rådgjeving som hjelper dei å møte desse krava og oppnå sine klimamål.

Måla er like for alle sektorar – å redusere utslepp og fremje berekraft – men tiltaka vil variere basert på behov og moglegheiter i dei ulike bransjane. SpareBank 1 Sogn og Fjordane er forplikta til å bidra med løysingar som støttar kundane i overgangen til ei meir klimavenleg og berekraftig framtid.



## 2.4.9

# Øvrige kategoriar i Scope 3

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har god kontroll over utsleppa frå fleire av dei øvrige kategoriar i Scope 3, som forretningsreiser, avfall og pendling. For desse områda har banken høg datakvalitet, noko som legg eit godt grunnlag for å iverksetje effektive tiltak for å redusere utsleppa.

Dei øvrige kategoriane har same mål som resten av Scope 3: ein lineær reduksjon på 2,5 prosent årleg fram mot 2030 og netto nullutslepp innan 2050. Her er nokre tiltak:

### **Pendling:**

Ved renovering av hovudkontoret vil banken etablere fleire elbilladarar, sykkelparkeringar og tilrettelagde garderober for tilsette. Dette legg til rette for at fleire tilsette kan velje miljøvennlege transportalternativ som elbil eller sykkel.

### **Avfall:**

I samband med flytting til nytt hovudkontor har banken vedteke å gjenbruke så mykje som mogleg av eksisterande materiale, møblement og utstyr. Dette bidreg til redusert avfallsmengde og fremjar berekraftig ressursbruk..

### **Forretningsreiser:**

Banken vil oppretthalde høg kvalitet og oppgradere digitale møtefasilitetar og teknologi i kontorlokala for å redusere behovet for reising. Dette gir høve til fleire effektive digitale møte, noko som reduserer både reiseutgifter og klimaavtrykk.

Ved å fokusere på desse tiltaka for dei øvrige kategoriane i Scope 3, viser banken sitt engasjement for å oppnå klimamåla og redusere miljøpåverknaden på dei områda der vi har direkte kontroll. Desse tiltaka er viktige steg mot å realisere netto nullutslepp innan 2050.

3.0

## Metodikk og analyse for klimagassreduksjon

## 3.1

# Metodikk for klimaregnskap og datainnsamling

### **Klimarekneskapet til Sogn og Fjordane er utarbeidd i tråd med The Greenhouse Gas Protocol (GHG-protokollen).**

Klimarekneskapet er delt inn i tre delar:

**Scope 1:** Direkte utslepp frå eigen organisasjon. Her har vi brukt forbruksdata som gir høg datakvalitet.

**Scope 2:** Indirekte utslepp frå eigen verksemd. Dette omfattar energibruken i bygga banken eig og nyttar. Her har vi også brukt forbruksdata med god datakvalitet.

**Scope 3, kategori 1-14:** Indirekte utslepp frå banken sin oppstraums og nedstraums verdikjede.

Dette inkluderer alt frå innkjøpte varer

og tenester, avfall frå eigen verksemd og finansierte utslepp i bankens portefølje. Datakvaliteten varierer frå kategori til kategori basert på tilgangen på data.

I enkelte kategoriar har vi nytta økonomiske tal for å rekne ut utslepp, medan andre kategoriar er baserte på forbruksdata.

### **Scope 3, kategori 15:**

Dei finansierte utsleppa i portefølja er rekna ut etter metodikken Partnerships for Carbon Accounting Financials (PCAF).

For bustadlån er utsleppa estimert basert på energimerker og estimerte energimerker, som kvalifiserer for PCAF-datakvalitet 3. For næringseigedom og landbruk er rettleiaren frå Finans Norge

nytta til å berekne finansierte utslepp, desse utsleppstala gjev datakvalitet 3<sup>18</sup>.

For resterande bransjar er det nytta PCAF-utsleppsfaktorar, som i all hovudsak gjev beregningar med datakvalitet 4. Der vi ikkje har rekneskapstal på kundar vil datakvaliteten vere 5.

Vi jobbar kontinuerleg for å betre datakvaliteten og har fokus på forbetring både i oppstraums og nedstraums verdikjede.



<sup>18</sup> <https://www.finansnorge.no/dokumenter/maler-og-veiledere/veileder-for-beregning-av-finansierte-klimagassutslipp/>

## 3.2

# Klimarisikoanalyse

I 2023 publiserte vi banken si første TCFD-rapport (Task Force on Climate-Related Financial Disclosures). TCFD tilbyr eit veletablert rammeverk for å identifisere og rapportere klimarisiko for bankar og finansinstitusjonar. Dette rammeverket er i dag integrert som ein del av International Financial Reporting Standards (IFRS, S2), noko som bidreg til større konsistens og samanliknbarheit i klimarelaterte rapporteringar<sup>19</sup>. Det gir òg ei tydeleg ramme for å rapportere både klimarisikoar og moglegheiter knytt til økonomisk yting og strategi.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har vurdert klimarelaterte risikoar og moglegheiter, med særleg fokus på fysisk risiko og overgangsrisiko i utlånsporteføljen på privat- og bedriftsmarknaden. Bustadlånsportefølja og bransjane landbruk, havbruk, fiskeri, eigedom og bygg og anlegg har

vore prioriterte, då desse områda både representerer størst eksponering for risiko og samtidig gir oss minst operasjonell kontroll. Gjennom arbeidet vårt kan vi ikkje berre redusere banken si eiga klimarisiko, men òg hjelpe kundane våre i deira arbeid med å identifisere og handtere risiko.

Klimarisiko er vurdert innanfor tre tidshorisontar: kort sikt, mellomlang sikt og lang sikt, noko som gir oss ei heilskapleg forståing av korleis risikoar kan utvikle seg over tid.

I arbeidet har vi identifisert følgjande risikoar:

<sup>19</sup> <https://www.ifrs.org/news-and-events/news/2023/07/foundation-welcomes-tcf-responsibilities-from-2024/>

Type risiko	Risiko	Påverknad
Overgangsrisiko	Kredittrisiko	Regulering og endringar i regelverk, forsyningskjeder og kundeåtfærd nasjonalt og internasjonalt kan føre til svekka evne til å betene lån, lågare verdi på sikkerheit, noko som kan auke tap for banken
	Marknadsrisiko	Endring i reguleringar, teknologi og kundeåtfærd, og skifte mot ein meir berekraftig økonomi kan føre til nedskrivning av verdjar og endre marknadsverdien til investeringar. Dette kan resultere i reprising av aksjar og obligasjonar.
	Operasjonell risiko	Regulatoriske endringar kan krevje at banken gjer store tilpassingar i interne prosessar, risikovurderingar, teknologi og rapporteringskrav. Dette kan auke kostnader, og medføre behov for ekspertise.
	Likviditetsrisiko	Overgangsrisiko kan påverke ein bank sin tilgang til kapitalmarknadane ved endring i omdøme og kredittrating, noko som kan auke pris på finansiering. Endringar i lovgjeving og skiftande marknadsåtfærd kan redusere verdien av sikkerheitlar, og dermed redusere verdien på banken sin likviditetsbuffer.
	Likviditetsrisiko	Reduserte inntekter som følgjer av manglande omstilling i forretningsmodellen på grunn av endra kundeåtfærd og regulering. Høge kostnader til teknologiutvikling og tilpassing for å møte forventningar frå interessentar.
Fysisk risiko (akutt og kronisk)	Kredittrisiko	Auka tap på kundar og bransjar som er utsett for reduserte verdjar på pantesikkerheit, eigendelar og stranded assets, som følger av klimaendringar.
	Marknadsrisiko	Hendingar på grunn av klimaendringar, som ekstreme vêrhendingar og naturkatastrofar, kan føre til betydelege tap i verdjar av f.eks. fysiske eigedomar. Dette kan påverke marknadsprisar og volatilitet, og slik auke marknadsrisikoen for finansielle aktørar.
	Operasjonell risiko	Skade på banken sine eigedomar, infrastruktur, innsatsfaktorar og menneske, som følgjer av ekstremvêr og klimaendringar, kan forstyrre dagleg drift og auke operasjonell risiko.
	Likviditetsrisiko	Fysiske klimarisikoar som ekstremvêr kan føre til direkte økonomiske tap ved å skade banken sine eigedomar og infrastruktur, og kan krevje investeringar i gjenoppbygging og reprasjon. Kan forstyrre banken si drift, redusere inntektsgenerering, og forverre likviditetsstillinga.
	Forretningsrisiko	Skadar på banken sine fysiske eigedeler og infrastruktur kan forstyrre drifta og auke kostnader. Fysiske klimaeffektar kan ramme banken sine kundar, og dermed påverke banken sine inntekte og tap på lån. Auka forsikringspremiar og dekning for klimarelaterte risikoar kan bli ein økonomisk belastning.



### 3.3

## Scenarioanalyse

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har i samband med si klimarisikoanalyse gjennomført ei overordna kvalitativ scenarioanalyse for å forstå korleis dei identifiserte overgangs- og fysiske risikoane kan påverke banken si drift og utsleppsbana. Risikoane er vurderte opp mot eit låg- og eit høgutsleppsscenario i tråd med Network for Greening the Financial Systems (NGFS) sine Net Zero 2050- og Current Policies-scenario<sup>20</sup>.

\*Net Zero 2050-scenariet tar utgangspunkt i at måla i Parisavtalen vert oppnådde, med global oppvarming avgrensa til 1,5 grader og netto null utslepp innan 2050. I dette scenariet vert det føresett at berekraftsrelaterte

reguleringar vert introduserte fortløpande og på ein koordinert måte for å sikre måloppnåing. Karbonfangst og -lagring vert nytta for å forsterke avkarboniseringa, men i avgrensa grad. Scenariet legg òg opp til rask teknologisk utvikling. På eit generelt nivå føresett ein at kundar og investorar blir meir klimabevisste og etterspør meir berekraftige og klimavennlege produkt. I dette scenariet er dei fysiske klimarisikoane relativt låge, medan overgangsrisiko vert vurdert som høg, noko som sannsynlegvis vil få direkte innverknad på banken si drift.

* Net Zero 2050 scenario	
Overgangsrisiko	EU og Norge har dei siste åra implementert ei rekkje strenge reguleringar som bidreg til å redusere den kortsiktige overgangsrisiko- en for banken. Desse reguleringane og endringane kan likevel påverke ulike næringar ulikt, noko banken må vere førebudd på. Spare- Bank 1 Sogn og Fjordane må investere i interne ressursar og utvikle nye tenester for å omstille sin eigen forretningsdrift, samtidig som banken bidreg til omstilling i sine verdiar og investeringar. Manglande omstilling i bankens portefølje av verdipapir, obligasjonar eller finansierte objekt kan føre til nedskrivingar eller auka forsikringspremiar.
Fysiske risiko	Fysisk risiko held seg relativt låg i dette scenarioet, då temperaturen ikkje vil auke vesentleg. Likevel må SpareBank 1 Sogn og Fjorda- ne vere førebudd på hyppigare og kraftigare ekstremvêr ved ein temperaturauke på 1,5 grader, slik som uvêra Hans i 2023 og Jakob i 2024.

<sup>20</sup> <https://www.ngfs.net/ngfs-scenarios-portal/>

\*Current Policies føreset at berre allereie implementerte reguleringar vert haldne ved lag. Fossile energikjelder og høgt energiforbruk vil framleis dominere det globale bildet. Den aukande mengda klimagassar fører i dette scenarioet til ein utsleppstopp rundt 2080 og global oppvarming på om lag 3 °C. Oppvarminga medfører irreversible endringar i jordas økosystem og klima, som auka havnivå og tap av biologisk mangfald.

Teknologiske endringar vil gå sakte, og bruk av karbonfangst og -lagring vil vere avgrensa. I delar av verda vil vatn bli ein knapp ressurs, og klimarelaterte konflikter vil auke som følgje av svekka matsikkerheit og levekår. Dette scenarioet fører dermed til høgare fysisk klimarisiko samanlikna med Net Zero 2050.

* Current Policies scenario	
Overgangsrisiko	Gjeldande reguleringar vil på kort sikt føre til auka drifts- og investeringskostnader for banken, grunna behovet for ekspertise og etablering av nye tenester. På lang sikt risikerer banken å gå glipp av urealisert gevinst frå investeringar i grøn omstilling, samt nedskrivning av verdiar og obligasjonar. I verste fall kan dette føre til såkalla "stranda egedelar," der egedelar mistar verdi som følge av overgangsrisiko.
Fysiske risiko	<p>I Sogn og Fjordane er det særleg fire klimarisikoar som blir rekna som sannsynlege: ekstrem nedbør, regnflom, jord-, flaum- og sørpe-skred, samt stormflo.</p> <p>Årsnedbøren i fylket er venta å auke med 15 prosent, med ein markant auke i intensitet og hyppigheit av kraftig nedbør, særleg i områda nær kysten. Auken vil kome gjennom alle årstider. Dei største skadane på bygningar og infrastruktur oppstår ofte som følgje av overvatn, som kjem av mykje regn på kort tid. Dersom overvatn ikkje vert teke omsyn til i arealplanlegginga, vil erosjonsfaren auke vesentleg grunna høg vasshastigheit på tette flater. Dette kan føre til store øydeleggingar på lokal infrastruktur, eigedomar, landbruk og fiskerinæring. Risikoen aukar òg for spreiding av miljøgifter gjennom avrenning.</p> <p>Sentrale knutepunkt som Førde, Stryn og Lærdal er særleg utsette for overvatn, noko som kan føre til store materielle skadar og tru-ge den kulturelle arven i regionen. Jord- og flaumskred kan skje over heile regionen, også i sentrale område som Nordfjordeid, Stryn, Førde, Sogndalsfjøra og Lærdal. Slike hendingar kan påverke kritisk infrastruktur, då mykje av denne ligg langs fjordane eller i tunnelar gjennom fjell.</p> <p>I tillegg kan ein vente ei mogleg auke i tørke, isgang og snøskred. Når det gjeld havstiging og stormflo, vil desse få størst verknad langs kysten på Vestlandet. Førde og Lærdal blir rekna som område som vil bli sterkt påverka av stormflo mot slutten av dette hundreåret.</p> <p>Samla sett kan dei fysiske klimarisikoane i dette scenariet føre til betydeleg risiko for SpareBank 1 Sogn og Fjordane si drift, med tap av inntektsgrunnlag, nedskrivning av verdiar og obligasjonar i næringsliv som blir ramma, samt auka drifts- og investeringskostnader. Behovet for å vedlikehalde eller gjenopprette risikoutsette område kan bli omfattande, og i verste fall kan dette føre til "stranda egedelar."</p>

## 4.0

# Styring og leiing

Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane har det øvste ansvaret for å godkjenne og føre tilsyn med bankens klimaovergangsplan. Konsernleiinga har fungert som styringsgruppe i utviklinga av planen og har sikra at tiltaka og måla i klimaovergangsplanen er tett integrerte med banken sin hovudstrategi. Denne forankringa sikrar at omstillinga er gjennomgåande på alle nivå i organisasjonen og at dei strategiske avgjerdene som vert tekne, støttar målet om netto null utslepp innan 2050.

For å nå desse måla, er retningslinjene for t.d. kredittvurdering, investeringar og dagleg drift utforma for å inkludere både ESG-omsyn og klimarisiko. Klimaovergangsplanen operasjonaliserer klimamåla til banken ved å omsetje dei til tiltak og delmål, noko som gir utgangspunkt til strukturert og målretta

innsats. Klimaovergangsplanen vert evaluert og oppdatert kontinuerleg, og vert publisert som del av konsernet sin årsrapport.

Dei økonomiske konsekvensane av klimaovergangsplanen vert løpande vurderte i banken si finansielle planlegging. For andre, kunderelevante tiltak, vil meir presise kostnadsestimat verte tilgjengelege etter kvart som banken får tilgang til ytterlegare data.

## 5.0

# Framdriftsrapportering og revisjon av klimaovergangsplanen

Den årlege statusen for implementering av klimaovergangsplanen vil bli rapportert i berekraftsrapporten. Banken har ikkje identifisert innelåste klimagassutslepp eller auka risiko for karbonintensive egedelar i eiga utlånsportefølje. Dette heng saman med at banken sine utlån, som balanseførast som egedelar, har ei løpetid som går ut før slike risikoar vert realisert.

Samtidig er det sannsynleg at mange av kundane våre kan stå overfor både innelåste utslepp og karbonintensive egedelar i sine verksemder. Dette er tema som kan bli adressert i seinare oppdateringar av planen, i takt med at kunnskap og datagrunnlag utviklar seg.

Vidare vil klimaovergangsplanen bli revidert og justert ved behov, basert på endringar i klimascenario eller nye regulatoriske krav, for å sikre at den er oppdatert og tilpassa framtidige utfordringar og moglegheiter.

*SpareBank 1 Sogn og Fjordane sin første versjon av klimaovergangsplan er utarbeida i samarbeid med SpareBank 1 Helgeland hausten 2024.*

*Overgangsplanen er utarbeida innanfor konkurranselover sine reglar og det er ikkje delt konkurransesensitiv informasjon mellom bankane undervegs i prosessen.*